

— Kulturhuset ei skam for Voss



Ikkje teleslynge korkje i kultursalen eller kino-salane, og tre trappetrinn ned til biblioteket. Kulturhuset er ei skam!

Dei styrande politikarane på Voss vart fillerista, då dei stilte på møte i Velferdssentralen onsdag. Kalla inn «på teppet» av Norges Handikapforbund og FFO på Voss.

Krassast var høyrsløhemma Linda Kvinge, som også var nådelaus klar i framføringa.

— Melda til politiet?

— Det er tverrpolitisk semje om at offentlege bygg på Voss skal ha universell utforming. Så fekk me kulturhuset. Trass i at teleslyngeforskrifta slår fast at dette hjelpemiddelet skal på plass, er det enno ikkje kome teleslynge i kultursalen. Heller ikkje i dei to kinosalane. Skranken til Turistinformasjonen har heller ikkje teleslynge, trass i at alt som krevst er denne vesle saka her – sa Linda Kvinge og vifta med ein kartong på storleik med ei middels jole-pakke.

— Teleslynge her kostar 3.000 kroner i innkjøp, pluss monterring. Eg synest Voss kommune si handtering av saka er ei skam. Og spørsmålet er om kommunen ikkje burde vore meld til politiet for desse lovbrota.

Påviste fleire manglar

— Eg vart sjokkert første gongen eg kom til kulturhuset, vedgjekk Magnhild Aase Sandvik. Tenk: tre trappetrinn ned til biblioteket. Eg trudde ikkje slikt gjekk an i dag! Aase Sandvik syntest også det var rart at her enno ikkje er kome oppslagstavle inne, der ein enkelt

og greit kan orientera seg om tilboda i bygget. – Og kvifor kjem det ikkje handikap-parkering? Med all den villparkeringa som i dag føregår utanfor huset, er det plent uråd for rørslehemma å bruka huset. – Eg føler heilt greit at me funksjonshemma ikkje blir høyrde, supplerte Bjørg Holm. – Og eg føler jamvel at viljen til å

inkludera oss er mindre i dag enn for nokre år sidan.

— I nær framtid

— Me har heile tida fått forsikringar om at alt det byggetekniske ved kulturhuset er i tråd med gjeldande lovar og reglar. Så dette må me ta tak i straks, fastslo Hans-Erik Ringkjøb (Ap) frå sin plass i pa-nelet.

LOVBROT: – Kulturhus utan teleslynger er brot på teleslyngeforskrifta i plan- og bygningslova. Kanskje me burde melda kommunen til politiet – undra høyrsløhemma Linda Kvinge.

— Elles er det lovbrøt, og det er heilt uaktuelt, gjorde han klart. Sigbjørn Hauge (Sp) kjende seg

endå meir råka, sidan han i tillegg har vore med i byggekomiteen.

— Det med teleslynge skal eg finna ut av alt i morgon, lova han. Og torsdag morgon er han på tråden til «Hordaland»:

— Prosjektleiar Olav Bjørke opplyser at teleslynger er tinga, og

vil bli monterte i nær framtid. Forklaringa er at kommunen har venta på utstyret, seier han.

— Når det gjeld skiltinga inne i bygget, og dei andre problema som vart reiste, vil me ta dei opp på møtet i byggekomiteen neste veke, lovar Sp sin ordførar-kandidat.

ROLF TEPSTAD | tekst og foto
rte@avisa-hordaland.no

Mykje meir Tess i nye lokale i Lundarosen

VOSS: Vossapakko jaga Tess på flyttefoto. Resultatet vart både større og betre lokale.

Frå kalde og litt tungdrivne lokale på Svartenakken kan Tess no yta sine tenester i langt lunare og meir effektive lokale i Strandavegen. Ordførar Gunn Berit Lunde Aarvik var med då opninga av dei nye lokala var feil-torsdag. Godt tilpassa vareutvalet måtte ho klyppa av ein slange, for å markera denne overgangen.

Mykje godt

— Eg er glad for at de har fått denne nye plassen. Eg ser ikkje så mange damer her, men eg har høyrte at dette kan kallast ein god-tebutikk for menn.

Lokala som Prytz Sivertsen Søner AS tidlegare eigde, har 550 kvm under same tak. Teamansvarleg Asle Skjerven fortel om store endringar innvendig, berre skalet av dei tidlegare bygga står att. Salsleiar i Tess Vest, Are Nygård, stadfestar at dei har brukt mykje på å pussa opp i desse lokala. Men så er det også ei langsiktig investering.

Aktiviteten aukar
Avdelinga på Voss har seks tilsette, og har landbruk, entreprenørar og industriverksemder som sine kunder.

— Me merkar at det er høg aktivitet hjå entreprenørane for tida, og me har sjølve merka større aktivitet etter at me kom opp her, seier Asle Skjerven.

Flyttesjauen vart avvikla i som-

mar, utan at dei heldt stengt noko av den grunn.

Treng ny avkøyrslø

Sjølvs om tilhøva innandørs er vorte langt betre, har Tess ei trafikal utfordring, som salsleiar Are Nygård uttrykkjer det. For å koma til lokala må ein nytta ei avkøyrslø frå Strandavegen ved Voss Olje.

— Å køyra på det som er ein

gang- og sykkelveg er ikkje ideelt, vedgår Nygård.

Tess ser føre seg at krysset framfor butikken vert endra med tida, etter at Vangstunneleien er bygd. Draumen er å få ei direkte avkøyr-sle til butikken.

SIGRID SEIM | tekst og foto
ss@avisa-hordaland.no



Meir straum i BKK-liner

VOSS: For å sikra straumtilgangen i BKK-området til vintren, skal linenettet inn dit oppgraderast i haust.

BKK har i den samanhengen informert Voss kommune om at 300-kilovoltlina mellom Evanger og Dale skal få auka overføringskapasitet.

Auka belastning vil føra til auka temperaturar, og dermed større sig på linene, skriv BKK. Ei rekkje spenn på strekkja Dale-Evanger vil dermed ikkje lenger ha tilstrekkeleg avstand til bakken under. Kraftselskapet planlegg difor å fjerna ein del masse under linenettet, og plassera denne andre stader innanfor BKK sitt såkalla rettighetsbelte.

Arbeidet skal i hovudsak føregå i september månad, og utførast med gravemaskin. Massane skal spreiaast jamt ut og tilpassast terrenget slik at det ser naturleg ut, vert det understreka i brevet ingenør Roger Ommedal i BKK har sendt Voss kommune.

ROLF TEPSTAD | tekst
rte@avisa-hordaland.no